



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Komite for helse og omsorg
<b>Stad:</b>	Herøy omsorgssenter,
<b>Dato:</b>	08.05.2019
<b>Tid:</b>	15:00 – 17:00

---

### Medlemer som møtte:

Knut Tandberg	Medlem	H
Gerd Kopperstad	Medlem	AP
Jens Terje Johnsen	Medlem	AP

---

### Forfall:

Bjørn Otterlei	LEDER	H
Margaret Leinebø	MEDL	H
Linn-Therese Hansen Sævik	NESTL	KRF
Kaja Runde	MEDL	FOLK

---

### Varamedlemer som møtte:

Solveig Helen N. Båtsvik	Bjørn Otterlei	FRP
Anniken Kessler-Myking	Linn-Therese Hansen Sævik	KRF

---

### Andre:

Kommunalsjef helse og omsorg Renathe Rossi-Kaldhol

Jens Terje Johnsen leia møtet i leiar og nestleiar sitt fråvær.

Til å skrive under protokollen saman med leiaren vart desse valde:  
Knut Tandberg og Anniken Kessler-Myking

---

underskrifter

Knut Tandberg

Jens Terje Johnsen  
leiar

Anniken Kessler-Myking

## SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 14/19	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 15/19	Protokoll frå førre møte
PS 16/19	Referatsaker
PS 17/19	Prosjektet felles Helseplattform
PS 18/19	Kommunedelplan for helse og omsorg - slutthandsaming Referatsaker
RS 12/19	Planforslag til avgrensa høyring/offentleg ettersyn: Reguleringsendring for Bergshaugen nord, gnr. 28, bnr. 6 m. fl.
RS 13/19	Varsel om oppstart av reguleringsarbeid: Detaljreguleringsplan for Fosnavåg hamn-Nørvågen
RS 14/19	Forslag til reguleringsplan for massedeponi i Sandvika gnr. 59 bnr. 1. Høyring/offentleg ettersyn.
RS 15/19	Privat planforslag for tre rorbuer på Budaneset, Leikong. Høyring/offentleg ettersyn.
RS 16/19	Årsmelding 2018 Pasient- og brukarombudet i Møre og Romsdal
RS 17/19	Signert samarbeidsavtale om ACT
RS 18/19	F-sak 202/18 Særutskrift Utlekking til offentleg ettersyn. Leite fritidsområde.

Orientering om heiltidskultur i starten av møtet v/ avdelingsleiar Siv Jensen.

## **PS 14/19 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

## **PS 15/19 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå forrige møte låg føre.

## **PS 16/19 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre.

### **R-sak 12/19: Planforslag til avgrensa høyring/offentleg ettersyn – reguleringsendring for Bergshaugen.**

Komite for helse og omsorg i møte 08.05.2019 kome med slik uttale i saka:

Komite for helse og omsorg er bekymra for trafikktrygginga for barn i nedre del av Bergslibakken i samband med utvikling og fortetting i reguleringsplan for Bergshaugen nord gnr. 28, bnr. 6 m.fl.

Referatsakene 13/19 – 18/19 vart tekne til vitende.

## **PS 17/19 PROSJEKTET FELLES HELSEPLATTFORM**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Komite for helse og omsorg - 08.05.2019**

1. Kommunestyret syner til prosjektet for innføringa av Helseplattforma og sluttar seg til organiseringa som er skissert i saksutgreiinga. Kommunestyret er kjent med at prosjektet vil medføre prioritering av interne ressursar.
2. Kommunestyret oppmodar staten om å ta medansvar for finansiering av Helseplattforma, og sikre innføringa av «Ein pasient – ein journal» skjer på like vilkår for alle kommunane i landet sjølv om Midt-Norge er først ut som eit regionalt utprøvningsprogram.

## **PS 18/19 KOMMUNEDELPLAN FOR HELSE OG OMSORG - SLUTTHANDSAMING**

### **Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

### **Tilråding i Komite for helse og omsorg - 08.05.2019**

Kommunestyret vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 11-15 kommunedelplan for Herøy – helse og omsorg 2019 – 2027, datert 01.04.2019.

**MØTET SLUTT!**